



Skulereglar for Strandvik montessoriskule (Strandvik Vekst AS)

Revidert og vedteke på møte 20.01.2026

Heimel:

Revidert og fastsett av **Strandvik Vekst AS** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1. Formål

Skulen sine skulereglar skal bidra til eit godt og trygt arbeids- og læringsmiljø for elevar og tilsette ved skulen. Elevane har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring jf privatskulelova §2-4 som viser til Opplæringslova § 12. Skulereglane skal sikra at alle, både elevar, tilsette og føresette har ei felles forståing av rettar og plikter i skulekvardagen.

§ 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for Strandvik Vekst AS/Strandvik montessoriskule. Reglane gjeld når skulen har ansvar for elevane. Det vil seia i skulekvardagen i montessorimiljøet/klasserom, på skulen sitt uteområde, på turar, på arrangement som skulen står ansvarleg for.

Skulereglane gjeld også på vegen til og frå skulen og uansett tid og stad gjeld reglane ved bruk av dei digitale løysingane skulen brukar.

§ 3. Organisering av skoledemokratiet

Skulen skal syta for at elevane og føresette får vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdere skulen si verksemd.

Ved skulen har **styret i Strandvik Vekst** det overordna ansvaret. Alle føresette er i **foreldreråd** som igjen velger foreldrerådet sitt arbeidsutvalg (FAU).

Skulen har eit **elevråd** der det er ein representant for kvart trinn 1.-7. Elevane vel elevrådsleiar fortrinnsvis frå 7.trinn.

Opplæringslova har reglar om skoledemokrati og organisering av skoledemokratiet i § 10-4 og § 10-5.

§ 4. Orden

ORDENSREGEL

Kjenneteikn /vurderingskriterium

Eleven møter på skulen til rett tid.

- Eg møter presis til skulestart
- Eg kjem raskt inn etter friminutta
- Eg kjem fort til ro i læringssituasjonen

Eleven er førebudd til undervisninga/opplæringa

- Eg har med sekk med utstyr eg treng til læringsarbeidet
- Eg leverer oppgåver til avtalt tid
- Eg gjer arbeidet mitt så godt eg kan

Eleven held orden.

- Eg har ein ryddig arbeidsplass
- Eg held orden i garderoben og på skohylla
- Eg held orden i skrivebøkene mine
- Eg utfører arbeidsoppgåvene som eg har ansvar for på ein god måte
- Eg bidreg til at skulen og skuleområdet er reint og ryddig

§ 5. Åtferd

ÅTFERDSREGEL

Kjenneteikn /vurderingskriterium

Eleven viser god folkeskikk og positiv framferd.

- Eg er høfleg; helsar, takkar, seier unnskyld
- Eg gir ros
- Eg er ærleg
- Eg deler smil og godt humør.
- Eg respekterer vaksne

Eleven viser omsyn og respekt for andre.

Presisering: Trakassering eller mobbing av medelevar eller vaksne er uakseptabelt

Eksempel:

- Negativ eller nedverdiggande omtale og tiltale på grunn av utsjånad, kjønn, livssyn, legning
Valdsbruk som slag og spark
Trugssmål

- Eg kommuniserer positivt om og til andre.
- Eg brukar den gylne regelen.
- Eg godtar at me er ulike
- Eg hjelper og støttar andre
- Eg viser **nettvett**

Eleven tar medansvar for eit trygt og triveleg læringsmiljø.

- Eg følgjer kvardagsreglane våre (inne/ute)
- Eg tek vare på skulen og andre sin eigedom.
- Eg respekterer og brukar STOPP –regelen
- Eg brukar eit positivt språk

Eleven viser respekt for undervisninga, læringsarbeidet, skulen sine eigedelar og materiell

- Eg lyttar til andre.
- Eg rekkjer opp handa når eg vil seia noko
- Eg gjev arbeidsro.
- Eg syner god arbeidsinnsats
- Eg forflyttar meg utan å uroa andre

§ 6. Tiltak ved brot på skulereglane

1. Ein vaksen snakkar eleven til rette.
2. Telefon eller skriftleg melding heim frå kontaktlærer/rektor.
3. Eleven vert plassert på eit anna rom eller i ein annan klasse dersom ein uroar undervisninga. Det vert gitt melding til heimen om dette.
4. Elevar som plagar andre i friminutta, eller som gjentekne gonger ikkje rettar seg etter det vaksne seier, må følgja ein vaksen i friminutta eller få friminutt til anna tid. Det vert gitt melding til heimen om dette.
5. Kontaktlærer kan gjera avtale med føresette om kontakt kvar veke.
6. Eleven kan saman med føresette verta innkalla til samtale med kontaktlærer/rektor.
7. Ved alvorlege og/eller gjentekne brot på reglementet, t.d. vald mot nokon, kan elevar visast bort frå undervisninga. (jfr. Privatskulelova § 3-10) I slike høve gjeld følgjande prosedyre:
 - Skulen skal først ha vurdert andre tiltak.
 - Eleven skal ha hatt høve til å forklara seg
 - Rektor gjer vedtak etter å ha rådført seg med (kontakt)lærer
 - Når ein elev er vist bort frå skulen, pliktar føresette å henta vedkomande.
8. Dersom ein elev over tid syner uakseptabel åtferd, og skulen i samarbeid med heimen ikkje finn tiltak som verkar, vurderer rektor i samråd med kontaktlærer melding til barnevernet jf. Privatskulelova § 7-4. Skulen skal i slike høve kunne dokumentere kva for tiltak som er gjennomførde, likeeins dokumentere episodane, t.d. ved skjema "Melding om uakseptabel åtferd".

9. Eleven kan bli gjort ansvarleg for skadar etter gjeldande reglar.(Jfr. Skadeerstatningslova §1-2). Eleven kan bli pålagt å utføra oppgåver og retta opp skader som eleven er ansvarleg for.

Andre reglar med tilhøyrande konsekvensar:

Regel	Konsekvens
1. Digitalt utstyr som t.d. mobiltelefon kan berre vere på/ nyttast i skuletida etter avtale med lærar. Telefonen skal leverast på mobilhotell og hentast når dagen er slutt.	Ved brot på regelen blir mobiltelefonen etc. inndregen for resten av dagen. Gjentekne brot fører til at føresette må henta telefon på skulen.
2. Snop og tyggegummi skal ikkje brukast i skuletida. Skulen kan gje anna melding ved arrangement. Det er lov å ha med halsdrops dersom ein har med melding heimanfrå.	Du blir fråteken det du ulovleg har hatt med deg.
3. Du skal vera på skulen sitt område i skule – og SFO-tida. Er elevane på tur, skal dei ikkje forlata gruppa si utan løyve frå lærar. Dersom du skal på butikken, må du ha med melding og gjera avtale med dei vaksne	Føresette vert kontakta.
4. Tobakk og rusmiddel er forbode å bruka på skuleområdet og ved arrangement som skulen står for.	Du blir fråteken det du ulovleg har hatt med deg. Dette må bli henta av føresette. Føresette vert kontakta
5. Farleg reiskap er forbode å ha med på skulen	Farleg reiskap vert teke inn og må bli henta av føresette. Føresette vert kontakta pr. telefon eller det vert sendt melding heim
6. Skulevegen: Oppfør deg fint på skulevegen. Følg trafikkreglane og bruk refleks☺	Ved brot på regelen blir du kalla inn til samtale. Føresette kan bli kontakta.
7. Sykling: Regelverket etter 01.08.15, gjer det mogeleg for alle elevar å sykla til skulen. Styret anbefalar likevel å følgja Trygg Trafikk sitt råd om å venta til eleven er 10 år. Elevane skal bruka sykkelhjelm og vera godt synlege i trafikken. Sykkelen skal vera parkert i sykkelstativet. Ved bruk av rulleskøyter, sparkesykkel og anna utstyr med hjul, må det brukast beskyttelse. Utstyr kan berre brukast på tilvist plass.	Føresette blir kontakta ved melding om eller observasjon av uforsvarleg sykling.
8. Snøballkasting er tillate på godkjend blink.	Ved brot på regelen får du <u>ei</u> åtvaring, ved neste brot melding med heim.

INFORMASJON OM SKULEREGLANE:

Skulereglane blir det sendt heim slik at føresette blir gjort kjent med dei og kan gå gjennom reglane saman med eleven. Skulereglane skal også liggja som dokument på skulen si heimeside.

Føresette skal gi tilbakemelding på at dette er gjort innan 2 veker etter at reglane er sendt heim. Tilbakemelding kan gjerast i papirform eller digitalt.

Vi /bekreftar med dette at skulereglane til skulen er gjennomgått saman med

eleven/elevane: _____

Dato: _____ Underskrift: _____